



## AUSTRHEIM KOMMUNE

Rådmannen

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap Iks  
Lindåsvegen 1260

5956 HUNDVIN

Dato	Vår ref.	Dykkar ref.
28.05.2019	19/215 - 6	

### Vedtak Austrheim kommunestyre - endring av NGIR sin selskapsavtale

Kommunestyret i Austrheim handsama denne saka i møtet torsdag 23. mai. Der vart det gjort slikt vedtak (samrøystes):

*«1. Austrheim kommunestyre gjer vedtak om å revidere selskapsavtalen for NGIR i tråd med tilrådingane frå representantskapet.*

*2. Revidert selskapsavtale skal gjelde frå 01.01.2020 under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak.»*

Sakspapira ligg ved.

Vennleg helsing  
Ketil Tjore  
møtesekretær

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift*

Kopi til:

Fedje kommune	Stormarkvegen 49	5947	FEDJE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	Eivindvik
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 41	5914	Isdalstø
Masfjorden kommune	Austefjordvegen 2724	5981	MASFJORDNES
Meland kommune	Postboks 79	5906	Frekhaug
Modalen kommune	Mo 3	5732	Modalend
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Solund kommune	Hardbakke 26	6924	HARDBAKKE

Mottakarar:

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap Iks	Lindåsvegen 1260	5956	HUNDVIN
---	------------------	------	---------

# Sakspapir

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
026/19	Kommunestyret	PS	23.05.2019

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-000	19/215

## Revisjon av NGIR sin selskapsavtale på bakgrunn av etablering av Alver kommune

### Vedlegg

Brev til NGIR sine eigarkommunar - Endring av NGIR sin selskapsavtale  
Selskapsavtale NGIR - Gjeldande frå 010120

### Framlegg til vedtak:

1. Austrheim kommunestyre gjer vedtak om å revidere selskapsavtalen for NGIR i tråd med tilrådingane frå representantskapet.
2. Revidert selskapsavtale skal gjelde frå 01.01.2020 under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak.

### Kommunestyret - 026/19 - 23.05.2019

#### KS - behandling:

Konstituert rådmann Olav Mongstad sa at saka handlar om litt tilpassingar i samband med at Radøy, Meland og Lindås går saman til Alver frå 2020, litt vedtektsendringar på grunn av ei lovendring, samt litt andre tilpassingar som auka lånegrense.

Handsaming i kommunestyret:  
Samrøystes for rådmannens framlegg til vedtak.

#### KS - vedtak:

1. Austrheim kommunestyre gjer vedtak om å revidere selskapsavtalen for NGIR i tråd med tilrådingane frå representantskapet.
2. Revidert selskapsavtale skal gjelde frå 01.01.2020 under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak.

## Saksopplysninger:

### Bakgrunn

NGIR sin selskapsavtale må endrast som følgje av at Alver kommune vert etablert frå 1. januar 2020. Samstundes ber NGIR kommunane å endra einiskilde andre formuleringar som følgje av endra lovverk og/eller praksis.

I § 33 i selskapsavtalen går det fram kva paragrafar representskapet kan endra med 2/3 fleirtal og kva paragrafar som krev endring i kvart kommunestyre i eigarkommunane. Dei endringane kommunestyret må gjere er endringane i:

- § 1 to. §6
- §§ 8, 13, 24, 28, 31, 32 og 33.

Nærare om dei ulike paragrafane.

§ 1-§ 6 gjeld i hovudsak følgjer av etableringa av Alver kommune. I § 3 er det endra lovverk eller praksis som er grunngevinga.

§ 8 Endra tal på kven som skal oppnemne medlemmene i representantskap. I dag har Lindås 3, Meland 2 og Radøy 2. Det er føreslått at Alver skal ha 7.

§ 13: Denne paragrafen gjeld styremedlemmer. Det er utvida kriterier for utval av styremedlemmer. Tidlegare skulle Lindås ha minst 1 styremedlem, no gjeld dette Alver. Resten er presiseringar og justering for gjeldande lovverk.

§ 24: Her er føreslått å heva beløpet NGIR kan låne frå 40 mill kr. fastsett i 1999 til 80 millionar kr. Paragrafen er justert for gjeldande lovverk.

§28: Her er inga endring. Paragrafen fastslår at alle kommunestyra må godkjenna eventuelle nye medlemmer. At paragrafen er med i opplistinga skuldast feilskrivning i første utsending.

§33: Gjeld endring av vedtektene og justert opp mot gjeldande lovverk.

### Vurdering

NGIR sin administrasjon har lagt inn kommentarar på kvifor paragrafane må endrast. Dette er lagt inn som vedlegg. Grunnane til endringane er samansette

- Etablering av Alver ved å slå saman Lindås, Meland og Radøy
- Endra lovverk som er grunnlaget for paragrafen
- Språkvask

I denne omgang vert det i hovudsak berre endra dei paragrafane som krevst på grunn av Alver-etableringa. Til dømes i paragraf 3 der namna til kommunane er lista opp, § 5 der organisasjonsnummer og folketal er lista opp. I paragraf 8 der medlemmer i representantskapet er fordelt, er talet for Alver kome fram med å leggje saman tal representantar for dei tre kommunane. I den nye organisasjonen gjeldande frå 1.1.2020 har Alver med ca 77 % av folketalet 7 representantar, medan dei andre kommunane med ca. 23% av folketalet har 12 representantar til saman. Det er ikkje uventa om dette forholdet vil bli tatt opp ved eit seinare høve. Alver har og signalisert at når dei er etablert, vil dei kome tilbake med innspel i dei ulike interkommunale ordningane. I denne samanhengen bør kommunestyret merka seg at den nest største kommunen i framtidig NGIR vert Austrheim. Ein bør og merke seg at Alver har nokså nøyaktig 10 gonger så stor eigarandel som Austrheim.

### Miljø

Det er viktig å bevare NGIR med ein god og sterk miljøprofil i framtida.

### Økonomi

I paragraf 24, låneopptak, vil NGIR heve maksimumsbeløpet dei kan låne frå 40 til 80 million. Sist dette var endra var i 1999. SSB sin prisregulator viser at 40 mill i 1999 tilsvarar ca. 60 mill i 2019. Det er såleis og ei heving av taket for investering det vert bede om. Rådmannen forstår dette ynskjet og vil tilrå til kommunestyret å gjere dei vedtaka representantskapet i NGIR ber om.

### Konklusjon

Rådmannen tilrår at kommunestyret gjer vedtak å revidere selskapsavtalen for NGIR i tråd med tilrådingane frå representantskapet og denne saksutgreiinga. Revidert selskapsavtale skal gjelde frå 01.01.2020 under føresetnad av at alle eigarkommunane gjer likelydande vedtak.